



Arbeids- og inkluderingsdepartementet  
Sendt inn via høyringsportal på regjeringen.no

Deres referanse: 22/1212  
Vår referanse: 2022/63  
Dato: 08.06.2022

## Høyringssvar om ratifikasjon av ILO-konvensjon nr. 190 om avskaffing av vald og trakassering i arbeidslivet, og endringar i arbeidsmiljølova sitt regelverk om trakassering

### 1. Innleiing

Me viser til høyringsbrevet frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet av 8. mars 2022 der forslag om ratifikasjon av ILO-konvensjon nr. 190 om avskaffing av vald og trakassering i arbeidslivet, og endringar i arbeidsmiljølova sitt regelverk om trakassering, vert sendt på høyring.

Noregs institusjon for menneskerettar (NIM) har som hovudoppgåve å fremje og verne menneskerettane i tråd med Grunnlova, menneskerettslova og lovgjevinga elles, samt internasjonale traktatar og folkeretten elles. Som eit ledd i dette har NIM som oppgåve å gi råd til Stortinget, regjeringa og andre myndigheitsorgan i spørsmål om menneskerettar. NIM uttalar seg i utgangspunktet ikkje i noko særleg grad om hensiktsmessigheita eller prioriteringa av ulike verkemiddel for å ivareta statens menneskerettslege plikter.

### 2. Kort om høyringa og høyringssvaret

Forslaget gjeld ratifikasjon av ILO-konvensjon nr. 190 om avskaffing av vald og trakassering i arbeidslivet, samt nokre mindre endringar i arbeidsmiljølova sine føresegner om trakassering.

Departementet ber om høyringsinstansane sitt syn på ratifikasjon av konvensjonen. Vidare ber departementet om høyringsinstansane sitt syn på ei eventuell lov- eller forskriftsfestiging av ei plikt for arbeidsgjevarar til å ha rutinar mot trakassering, inkludert seksuell trakassering, på arbeidsplassen. Departementet ynskjer også å få høyringsinstansane sitt syn på eit forslag om tydeleggjering av verneombodet sine oppgåver i arbeidsmiljølova knytt til ivaretaking arbeidstakarane sitt psykososiale arbeidsmiljø, og eventuell regulering av krav til opplæring av verneombodet i handtering av saker om vald og trakassering på arbeidsplassen.

NIM sitt høyringssvar er avgrensa til nokre overordna kommentarar til menneskerettslege sider av forslaget, som både ILO-konvensjon nr. 190 og dei

føreslegne endringane i arbeidsmiljølova sine føresegner om trakassering og seksuell trakassering rører ved.

### **3. Nærare om menneskerettslege sider av ratifikasjon av ILO-konvensjon nr. 190**

ILO-konvensjon nr. 190 inneholder fleire føresegner som er relevante for Noregs menneskerettslege plikter. Konvensjonen inneholder mellom anna fleire detaljerte føresegner som forpliktar medlemsstatane til å ta hensiktsmessige grep for å hindre vald og trakassering i arbeidslivet gjennom mellom anna lovgjeving, samt retten til likestilling, likehandsaming og ikke-diskriminering i arbeidslivet.

Staten har ei menneskerettsleg plikt til å førebygge og nedkjempe vald og trakassering, inkludert seksuell trakassering. Plikta til å førebygge og nedkjempe vald følgjer mellom anna av Den europeiske menneskerettskonvensjon (EMK) artikkel 8, jf. lengre praksis frå Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD). Denne plikta, samt plikta til å førebygge og nedkjempe trakassering og seksuell trakassering, følgjer også av Europarådets konvensjon om førebygging og nedkjemping av vald mot kvinner og vald i nære relasjoner (Istanbulkonvensjonen).

Ratifisering av ILO-konvensjon nr. 190 vil gi eit nytt rettsleg verktøy for å styrke arbeidet med å førebygge og nedkjempe vald og trakassering på arbeidsplassen. Bruksområdet og fleire av pliktene ILO-konvensjon nr. 190 oppstiller overlappar heilt eller delvis med menneskerettslege plikter som følgjer av mellom anna Istanbulkonvensjonen. NIM sitt syn er at ratifikasjon av ILO-konvensjon nr. 190 vil kunne bidra til å styrke etterlevinga av plikta staten har til å førebygge og nedkjempe vald og trakassering, inkludert seksuell trakassering, som mellom anna følgjer av EMK og Istanbulkonvensjonen.

### **4. Nærare om dei føreslegne endringane i arbeidsmiljølova**

Departementet føreslår enkelte mindre endringar i arbeidsmiljølova. For det første føreslår departementet å ta «seksuell trakassering» inn i lovteksten i arbeidsmiljølova § 4-3, for å tydeleggjere at trakasseringsvernet etter føresegna også omfattar seksuell trakassering. Vidare føreslår departementet å ta legaldefinisjonane av trakassering og seksuell trakassering som finns i likestillings- og diskrimineringslova § 13 inn i arbeidsmiljølova § 4-3, slik at dei to lovene får likeins ordlyd. Desse endringane er meint å tydeleggjere og presisere gjeldande rett.

NIM meiner dei føreslegne endringane vil bidra til å klårgjere kva som ligg i trakasseringsvernet som allereie gjeld etter arbeidsmiljølova og lovgjevinga elles. Etter vårt syn vil ei slik tydeleggjering kunne bidra til betre forståing av innhaldet i trakasseringsvernet, og av arbeidsgjevarar sine tilknytte plikter.

## **5. Avslutning**

Samla sett meiner NIM at ratifikasjonen av ILO-konvensjon nr. 190 om avskaffing av vald og trakkassering i arbeidslivet, og dei føreslegne endringane om presiseringar i arbeidsmiljølova sine føresegner om trakkassering og seksuell trakkassering, vil kunne bidra til betre etterlevinga av statens menneskerettslege plikt til å førebygge og nedkjempe vald og trakkassering, inkludert seksuell trakkassering.

Venleg helsing  
for Noregs institusjon for menneskerettar

Gro Nystuen

Mina Haugen

Assisterande direktør

Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har dermed ingen signatur.